



Sjømennenes Minnehall i Stavern, reist i 1926.

**Turen gjekk til Stavern og Sjømennenes Minnehall.
Vi vil finna namna på dei frå Uskedalen og Herøysundet som omkom ved krigshandlingar 1940 - 1945,
Hans Laurits Lande og Leif Helgesen Lie.**



[Alteret med Hermann Wildenvey sitt dikt til sjøfolka](#)

Minnehallen i Stavern er reist i 1926, den gongen som eit monumnet for å minnast norske sjøfolk i handelsflåten som omkom i krigshandlingar 1914 - 1918.

Seinare omfattar minnesmerke også dei sjømenn som ga sitt liv for landet i den siste krigen.

I krypten fann vi 17 tavler med 3456 omkomne (1939 - 1945)

Hans Laurits Lande og Leif H. Lie sine namn er rissa inn på koparplater.

Om dei står det:

Hans Laurits Lande, f. 30.07.03, Uskedalen, Kvinnherad, Norse King, 28.12.42, krigsulukke

Leif Helgesen Lie, f. 20.04.18, Herøysund, Kvinnherad. Olaf Bergh, Montreal, 01.12.44, sjukdom



Ragnar Larsen, 73 år, segla 27 år i handelsflåten i tillegg til å vera på kvalfangst. No bur han på Sjømannsheimen i Stavern og er vakt og omvisar i Minnehallen

Dert var ei sterk og gripande stund i Minnehallen til minne om alle sjøfolka våre som omkom i krigsforlis og krigshandlingar i to verdskrigar.

Namnet til Magne Lie, f. 1919, finn vi ikkje i Minnehallen.

Han var i handelsflåten, men gjekk seinare over på jagaren 'Bath' og omkom ved torpedering i 1941.

Namna til alle omkomne i Marinen er samla på minneplater i Horten.

Vi skal i Uskedalsposten skriva ein meir utførleg artikkel om krigssegclarane våre.

Tekst/Foto/Nett: Kristian Olav Bringedal



Sagofagen i krypten, dekket med det norske flagg.